

AUFERA

A/S

-ei Vekst  bedrift

ÅRSRAPPORT 2018



Aufera på omvisning hjå Euinor på Mongstad.



Assurance
in Social Services

Innhold:

1. Innholdslista.....	side 2
2. Forord.....	side 3
3. Føremål, visjon og verdier.....	side 5
4. Organisasjonen.....	side 6
5. Kompetansekrav, kompetanse og komp.heving.....	side 7
6. Rammer og godkjente plassar.....	side 8
7. Avdelingane.....	side 9
8. Samarbeid.....	side 11
9. Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.....	side 12
10.Resultat.....	side 12

Forord

2018 var året me trudde me skulle få oss etterlengta større lokaler. Slik gjekk det ikkje. Planane om huskjøp viste seg å vera mykje meir kostnadskrevjande enn ein først trudde, og det var ingen god sak å måtta gå frå kjøpet som me alle hadde sett fram til. Det skulle visa seg at det stod ingen eigna lokale klart til oss, men arbeidet med å finna nye eigna lokaler er godt i gang. I skrivande stund har me klare planar men ynskjer ikkje gå offentleg ut før alt er heilt sikkert denne gangen.

Krava til vår type verksemd vert ikkje mindre, og skal Aufera leva eit sjølvstendig liv vidare, må me ha både plass og straum for å kunna utvikla oss. Dette får me til, det tek berre litt meir tid enn me først trudde. Trong for arbeidsplassane våre er det og. Aufera har ventelister med folk som ynskjer å få seg arbeid. Det same har naboverksemdene våre, og resten av landet. Me har difor brukt mykje tid og energi på at dei som er så heldig å ha ein fast VTA-plass, må ta godt vare på den. Det er i utgangspunktet akkurat dei same reglar som gjeld hjå oss som elles i arbeidslivet. Enkelte kan nok synast det er vel mykje mas om akkurat det, men har du arbeid så har du og plikter til å gjera jobben du vert sett til.

Hausten 2018 var det over heile landet fokus på å få fleire VTA-plassar. Aufera stod saman med dei andre vekstverksemdene i regionen for «Årets viktigaste frukost». Der samla me politikarar og tilsette i verksemdene seg for å få fram trongen for fleire plassar. Om det gjorde utslag eller ikkje, skal vera usagt. Men Stortinget har i budsjettet for 2019 sett opp 700 nye VTA-plassar. Om, og evt kor mange av desse som kjem til Hordaland veit ein ikkje, men det er no i rett retning.

2018 må seiast vera eit godt år økonomisk. Både treavdeling og kjøkken har hatt fin auke i omsetninga. På vaskeriet har det ikkje vore same utviklinga. Der har me hatt nedgang enno eit år. Ein liten auke av privatkundar på vaskeriet, men ikkje nok til at det kan kompensera for dei større reduksjonane. Me må vel berre våga sei at me ikkje har vore flinke nok til å skaffa oss nye kundar.

Aufera har i alle år hatt eit stort sjukefråvær. 2018 var i so måte ikkje noko unntak. På ein so liten arbeidsplass er me svært sårbare, og sjukefråværprosenten får store utslag. Me har vore heldige og fått tak i dyktige vikarar. Det er ikkje kjent at fråværet skuldast noko på arbeidsplassen.

Ingen store godkjenningar eller kontrollar i 2018, men me har hatt fokus på kompetanseheving. Både interne kurs for alle som jobbar her, og ein del av våre ordinært tilsette har hatt ekstern kursing.

Mange har stilt spørsmålet om kva når Radøy kommune vert ein del av Alver. Her er det krefter som har ynskje om fusjonar og ei stor verksed. For eigen del kan eg ikkje sjå at det skal vera større fordelar med det. Bergen kommune eig

mange ulike vekstverksemdar, og det er ingen grunn til at ikkje Alver berre tek over aksjane til Radøy, og at Aufera held fram som no. Det kan ikkje vera tvil om at det er trong for oss i denne delen av regionen.

Rekneskapan for 2018 er enno ikkje heilt klar. Men det vil gå mot eit overskot for 2018 og. Med huskjøp og ombygging er det ingen tvil om at kvar ei krone av det må gå til å få nye eigna lokaler i stand.

Me har stor tru på at 2019 vil og må verta det året me kom oss i nye større lokaler. Enno eit merkeår for Aufera står for tur.



Ein glad gjeng på tur til Steinalderstien på Straume etter arbeid.

Føremål, visjon og verdier

Føremål:

Verksemda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. Å gje meningsfylt arbeid utifrå den enkelte sine føresetnader.

Arbeidet skal vera med å vedlikehalda og utvikla den enkelte sine ressursar og kompetanse.

Visjon:

Me skal utvikla oss vidare gjennom ein meningsfull kvardag med tilpassa arbeidsoppgåver og auka meistringskjensla.

Verdier:

Trivsel

Me ynskjer å ha det kjekt saman på arbeid og kunna gleda oss til å gå på jobb.

Me viser respekt for kvarandre og aksepterer at me er ulike.

Me har og respekt for arbeidsplassen, utstyret vårt og kundane våre.

Me er positive til kvarandre og til nye utfordringar. Frå at me seier god morgon og «ser kvarandre», til at me er positive i kontakt med kundar og samarbeidspartar.

Kvalitet i alt me gjer

Me skal levera rett produkt og teneste til rett stad og rett tid.

Kvaliteten skal gjenspeglast i alle arbeidsprosessane.

Mot

Me skal ha mot til å møte nye utfordringar og prøva nye ting.

Me tør å by på oss sjølve, tør å stå for noko, og ta eit val. Me har mot til å vera medmenneske og inkludera andre.

Organisasjonen

Aufera AS

Mangersnesvegen 72

5936 Manger

Telefon: 55602472

E-post: post@aufera.no

<http://www.aufera.no>

Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.

Fordeling av aksjekapitalen er:


Austrheim kommune 37 %

Fedje kommune 16 %

Radøy kommune 47 %

Styrerepresentasjonen er 2 styremedlemmer til Austrheim, 1 styremedlem til Fedje og 2 styremedlemmer til Radøy.

Organisasjonskart pr 31.12.18



Generalforsamlinga i perioden 2015 – 2019:

Austrheim	Jan Erik Espelid	vara:	Reidar Øksnes
Austrheim	Siri Kaland	«	Monica Thorpe
Fedje	Kristin Handeland	«	Stig Øien
Fedje	Paul Knapskog	«	Ottar Tangen
Radøy	Morgan Taule	«	Ståle Villanger
Radøy	Else Marie Dale	«	Dag Sætre
		«	Karolina Vaktskjold
		«	Roy Bøe

Då Morgan Taule gjekk over i ny stilling «konkurrerande» verksemd, vart Jostein Borlaug i KS vedtak 003/2018 valt som representant til generalforsamlinga i Aufera AS.

Generalforsamlinga vart halde 23.05.2018

Etter Generalforsamlinga var styret slik samansett:

Leiar:	Siri Kaland	Austrheim
Nestleiar:	Vidar Grindheim	Radøy

Styremedlem:	Roy Asle Tungland	Fedje
«	Oddmund Vikene	Austrheim
«	Eva Karin Klausen	Radøy
Vara:	Solveig Lerøy	Austrheim
«	Magnus Kvingedal	Austrheim
«	Tove Nordseth	Fedje
«	Bjørn Tore Vakt skjold	Radøy
«	Lene Christensen	Radøy

Valnemd er dei tre ordførarane i eigarkommunane.

Rådgjevande utval

Rådgjevande utval har vore:

Austrheim: Kristine Fanebust (fagleiar psykisk helse)

Fedje: Anja Helbig (psykiatrikoordinator)

Radøy: Bjarnhild Myhre (Barne og fam. tenesta i Radøy)

NAV: Arne Jakob Vik Olsen (NAV Markedstjenester)

Aufera: Kari Smith (dagleg leiar)

Kompetansekrav/kompetanse og kompetanseheving

NAV stiller ein del krav til vår type verksem, m.a. at det skal vera attføringsretta kompetanse, pedagogisk kompetanse og yrkesfagleg kompetanse (kravspesifikasjonen). Anna kompetanse ein treng/bør ha er kunnskap om sal og marknadsføring, økonomi/økonomistyring, leiingsfag og kompetanse om personalleiing, HMS/kvalitetsstyring, IKT-kunnskap og sjølvsgt kompetanse på dei aktuelle arbeidsoppgåver og maskineri på avdelingane.

Verksemnda har den kompetansen som NAV krev. Arbeidsleiarane i Aufera har variert yrkesbakgrunn, og me set m.a. på erfaring innan omsorgsarbeid, psykiatri og innan rus.

Formell kompetanse i Aufera:

Fagbrev kokk

Fagbrev blomsterdekoratør

Fagbrev barne- og ungdomsarbeidar

Fagbrev konditor

Fagbrev elektrikar

Fagbrev automatiker

Handel og kontorfag

Sosial-pedagog

Spesialpedagogikk

Vidareutdanning i coaching

Basiskurs i attføring

Fokus på meir formell kompetanse vil og bør vera meir og meir viktig ved framtidige utlysingar, då dette meir og meir vert eit krav.

Kompetanseheving:

Det var vore halde fylgjande kurs for alle tilsette med ekstern kursleiar i 2018:

Kommunikasjon

Ergonomi/fysisk aktivitet

Førstehjelp

Brannvern



Brannøving



Kurs i kommunikasjon

Utover dette har det vore ordinært tilsette på kurs i:

Vaskeriteknikk 1 og 2

Asberger

Mitt livs ABC

«Inkluderande kommune»

Rammer og godkjente plassar

I tida 01.01.2018 – 31.12.2018 hadde Aufera fylgjande godkjende plassar:

15 VTA (varig tilrettelagt arbeid). Det er NAV Markedstjenester som tildeler og godkjenner desse plassane.

På dei 15 godkjende VTA-plassane har det i 2018 vore 17 personar innom tiltaket. I tillegg til desse har eigarkommunane kjøpt plassar til 5 personar i ulike stillingstorleik, som står på venetlista. Utover det er det framleis fleire personar som står på venetlista.

Fire personar hadde språkpraksisplass i Aufera i 2018. Ein av desse har framleis avtale hjå oss.

Verksemnda har avtale med Hordaland fylkeskommune om arbeidspraksis for elevar i vidaregåande skule. Første halvår var det 2 elevar frå vidaregåande skular som hadde arbeidspraksis hjå oss, og andre halvår 2. Det er elevar frå både Austrheim vidaregåande og Knarvik vidaregåande.

I 2018 hadde Aufera tilsett:
4 arbeidsleiarar/instruktør
1 sjåfør
1 dagleg leiar
(6 årsverk fordelt på 7 personar)

Avdelingane

Verksemnda sitt føremål er å tilretteleggja arbeidsplassar til yrkeshemma personar som har ei restarbeidsevne, uansett årsak til yrkeshemming. VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid) er for personar som har uførestønd, men ei restarbeidsevne. Tiltaket er ikkje tidsavgrensa. Det er varig, men det skal jamleg vurderast utdanning, andre tiltak eller ordinært arbeid. Inntak av nye arbeidstakarar skjer etter søknad og godkjenning av NAV.

Vaskeri

Vaskeriet vårt er eit vaskeri med barrieremaskin for å kunna innfri krava til vask av institusjonstøy. Med store og små har me om lag 80 kundar som får vaska arbeidstøy, matter og moppar, institusjonstøy, dukar m.m. I tillegg vaskar me ein del for private som dyner, ryer, dukar osv. Me tek og lettare reperasjoner som t.d. skifte av glidelås. Verksemnda eig og leigar ut matter, arbeidskle og institusjonstøy. Me hentar og leverer til kundar i Austrheim, Lindås, Radøy og Meland. Også på Fedje har me faste kundar, men etter særavtale om henting og levering. Vaskeriet har hatt reduksjon i omsetnaden hjå bedriftskundar. Ein har hatt ein liten auke i privatkundar.

Aufera har hatt eit samarbeid med Renseriet AS, som gjorde at me og kunne tilby renseritenester. Dette vart diverre sagt opp ved årsskifte, då tilbodet vart for lite nytta.

Verksemnda har i mange år hatt eit samarbeid med ein del bibliotek i Nordhordaland. Me sorterar og fraktar bøk mellom biblioteka.



Bretting og sveising av tøy




Stryking, reoperasjon og litt kontorarbeid.

Treavdeling/vaktmeistergruppa

Treavdelinga produserer ulike treprodukt som t.d. notkassar, hagemøblar, blomsterkassar, varmpumpedeksel og postkassestativ. Avdelinga har og hatt ein del oppdrag med å laga/setja opp gjerdekliv og har hatt oppdrag med å leggja ned «kloppar». Det har vore god tilgang på oppdrag siste året, særleg innafor fiskeriindustrien. I store trekk vert det som skal gjerast av vaktmeisteroppdrag på eige bygg, gjort av denne gruppa. Gruppa har og ein del vaktmeisteroppdrag for andre, både private og offentlege.



Klopper på steinalderstien



Produksjon av notkasse

Kjøkken

Frå mars 2018 har kjøkkenet vore oppe kvar dag etter fleire år med redusert drift, og ei tid heilt stengt. Dette har vist seg att i ein fin auke i omsetnad både av lefser og kaker. Her er det produksjon av lefser, flatbrød, knekkebrød, kaker og

diverse urteprodukt med meir. I tillegg er lunsjtilbodet for dei som jobbar på Aufera ein viktig del av kjøkkenet. I flg. «Kravspesifikasjonen» frå NAV plikter me å ha fokus på kosthald, noko som er naturleg og lettare når me tilbyr lunsje. Mange som arbeider på Aufera et gjerne dei andre måltida åleine, og den sosiale delen av lunsjen vert med det svært viktig.



Klar for levering



Mange som vil ha dei sunne og gode knekkebrøda

Samarbeid

Verksemda har årleg fleire spørjeundersøkingar for å kunna forbetra oss. I 2018 starta me opp med eit samarbeid med dei andre vekstverksemdene i regionen på dette. Alle verksemdene har same undersøking, og vil kunna samanlikna resultatet. Me opplevre at me får gode tilbakemeldingar, og at me etter kvart har fått eit godt omdømme. Sjølv sagt er det ting me kan gjera betre, men i hovudtrekk lever me opp til verdiane våre: trivsel, kvalitet og mot.

Det har i mange år vore eit godt samarbeid med dei andre tiltaksbedriftene i Nordhorland. Det er faste leiarsamlingar der me utvekslar erfaring, me hjelper kvarandre når det trengst, me brukar kvarandre, me reklamerer for kvarandre, me har felles aktivitetsdag og me har felles kurs for ordinært tilsette.

Resultat av avvik, klager og LEAN (system for kontinuerleg forbetring) i 2018 var 3 klager, 49 avvik og 14 LEAN-forslag der 10 er gjennomført, 3 er overført til 2019 og eitt fekk ikkje ynskt effekt. Når det gjeld LEAN har me stort forbetringspotensiale i å bruka det meir. Avvik og klager om lag som året før, men nedgang i LEAN. Truleg er årsaka kor flink eller ikkje me er på å dokumentera dei ulike tiltaka.

Ein del av dei som jobbar hjå oss har ansvarsgruppe (samarbeidsmøte der ulike instansar frå «hjelpeapparatet» saman med den det gjeld møtest). Me opplever gode samarbeidsforhald der det er oppretta slike grupper, og samarbeider godt

med NAV, lege, psykolog, familie, skule og andre frå hjelpeapparatet. Rådgevinge utval er eit anna samarbeidsfora som fungerer godt. På den årlege blåturen vår var me også i 2018 på besøk hjå ei av dei andre verksemdene, denne gang var me på omvisning på Gløde.



God stemning på «Blåturen» til Sansetunet

Kontrollar, sertifisering, rapportar m.m.

2018 har vore eit år utan dei store kontrollane eller sertifiseringar. Equass Assuranse er eit europeisk system for kvalitetssikring av velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Den gjer tenestelevrandørar i velferdssektoren moglegheit til å sikra kvaliteten av tenestene overfor brukarar og andre samarbeidspartar. Arbeids- og velferdsdirektoratet har sett krav om kvalitetssikring med ekstern revisjon og sertifisering for å kunna drifta ein del av arbeidsmarknadstiltaka. Aufera har som mange andre vekst og attføringsverksemdar valt Equass som system. Me vart første gang godkjent i 2011, og må ha ny sertifisering annakvart år. Det er ei omfattande sertifisering som krev mykje av verksemda. Aufera hadde revisjon i november 2017, og er no godkjent fram til 4. desember 2019.

Tilsagn frå NAV får me kvart halvår, og det i seg sjølv er einslags godkjenning.

Resultat av attføringsarbeidet

Ingen av dei som har VTA-plass slutta i 2018. Det vil og sei ingen endring på ventelista. Tilbakemeldingar frå dei som har VTA-plass er tydeleg på at dei får auka livskvaliteten sin vesentleg med å vera på Aufera. Det er likevel ikkje til å sjå vekk frå at Aufera slit ein del med ustabil oppmøte. Me brukar til tider mykje ressursar at folk ikkje møter og at til å få folk til å forstå at når ein er på arbeid, så må ein arbeida.

Auferar har nok med åra vorte strengare i krava til dei som har arbeidet sitt her. Dersom ein ikkje kan eller vil innordna seg i reglar som gjeld i arbeidslivet, kan ein heller ikkje ha arbeid i Aufera. Dette også fordi kravet til oss vert strengare

og strengare. Krav til produksjon og inntjening er der, og det betyr og at fokuset vårt på fram møte er aukande.

Sjukefråværsprosenten i Aufera var i 2018 på 10,34. Noko betre enn 2017, men framleis for høgt. Det er i stor grad med å gjera oss usikker på kor mykje arbeid me kan ta på oss. Dette har vore og er ei stor utfordring for Aufera. Særleg no med tanke på huskjøp. Kor stort lån kan me våga ha? Kor mykje arbeid kan me våga ta på oss? No er det slik at dei fleste som arbeider i Aufera er stabile i oppmøte og stiller på jobb. Men me er ikkje så mange, og då vert det få som kan «ta over» og gjera jobben når mange er vekke.

Omdømme til Aufera opplever me som godt. Me får svært mange gode tilbakemeldingar frå alle hald, både dei som jobbar her, familiare deira, kundar og andre samarbeidspartar. Tilbakemeldingar frå eigarane våre er me og godt nøgd med. Ikkje alle bedrifter kan skryta på seg at dei har tre ordførarar med seg kvart år på julebordet.



Manger, 15.02.2019

Kari Smith
Dagleg leiar